

# ♥ Gleda ved å gje er like stor som gleda ved å få



Det nærmar seg påske og dei fleste av oss har det dei treng og enda litt til. Vi trur likevel det kan vere nokon som ikkje har det like bra. Vi ønsker å nå desse for å kunne bidra - kanskje ei matkasse til påske kan vere til litt hjelp?

Vi veit det kan vere vanskeleg å ta kontakt sjølve, ta gjerne kontakt gjennom nokon andre du føler deg trygg på.

Eller kanskje du kjenner nokon som har ekstra utfordringar?

Vi treng informasjon om eventuelle allergiar og kor mange det er i husstanden. Om det er barn i husstanden er det fint om vi kan få antal og alder på barna.

**Ta kontakt på e-post snarast og innan 20. mars: [frivillig@fjord.kommune.no](mailto:frivillig@fjord.kommune.no)**

**Vil du bidra?**

**Vipps #741324 eller kontonummer 3905.15.69184**

**Om privatpersonar, lag og organisasjonar eller bedrifter ønsker å bidra på andre måtar - ta gjerne kontakt på e-post.**

Midlar som blir til overs, vil bli nytta til jul og i beredskap til innbyggjarar ved spesielle hendingar. «Givarglede» består av representantar for Eidsdal-Norddal Røde Kors, Fjord frivilligsentralar og frivillige. Vi har samarbeid med helse, omsorg og velferd i Fjord kommune og næringslivet.

Vi er opptatt av personvern, og dette blir tatt i vare.

**Påskehelsing frå sambygdingar som ønsker å gjere ein forskjell <3**

